



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 05.02.2019
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 11.00 – 15.00

Møtte: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Roald Aga Haug Edmund H. Utne,
Irene Heng Lauvsnes

Forfall: Marthe Hammer, Morten Midlang, Arnstein Menes,, Arne Bergsvåg,

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø og Trude L. Rinaldo

Agenda

05.02.19:	Kl. 11.00 – 15.00	Sakshandsaming
-----------	-------------------	----------------

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 1/19 Meldingar
Det var ingen meldingar framlagde.

Sak 02/19 Årskonferansen 2019 Ullensvang
Hanne gjennomgjekk førebels program.

Sak 03/19 Møte med Stortingsbenkane for Hordaland og Rogaland 04.12.2018

Dette må me arbeida med:

- fylkeskommunane vert endå viktigare for oss etter omstrukturert vegvesen.
- me må ha ein strategi for korleis me møter Stavanger kommune og fylka
- me må arbeida for at NTP har ein pott som monnar når det gjeld rassikring.
- me må meina noko om årleg sum til rassikring dei neste 12 åra.

Kva skal vera budskapet vårt:

- **Rassikring** - lettast å vekkja oppmerksomheit og få tilslutning til.
- Rassikringsmidlar må minnst dobbelst kvart år, for å nå rassikringsmåla til Norge.
- Korleis kan me bygga opp krav rundt ei slik løyving. Kan me samla oss, for å få til eit nasjonalt press som kan konkurrera mot byregionprogramma
- standardheving og trafikale utfordringar må også takast med.

Frist er 8. mars. Kven gjer kva?

- Fjordvegen ber om møte med fylka og Stavanger kommune for å diskutera NTP prosessen og uttale til den. Gruppleiarmøta kan vera godt møtepunkt.

- Irene pratar med Stavanger
- Gerd Helen og Arne pratar med Rogaland fylkeskommune
- Arnstein og Morten pratar med Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Hanne og Roald pratar med Hordaland fylkeskommune

Det må lagast ein presentasjon som spissar bodskapen vår og og som vi kan leggja frå oss etter møtene.

Sak 04/19 Handlingsplan 2020 - 2022

Gjennomgang v/Hanne Sundbø.

Sak 05/19 Førebuingar til årsmøte 3. april 2019

Orientering v/dagleg leiar

Me må verta endå tydelegare på at Fjordvegen er vegen mellom Trolltunga og Preikestolen

Sak 06/19 Økonomistatus for Fjordvegen Rute 13

Førebels rekneskapsrapport 2018 vart lagt fram i møtet.

Sak 07/19 Travel like the locals - Status i prosjektet

Dagleg leiar orienterte om prosjektet. Fjordvegen vert løpande oppdatert og orientert frå prosjektet som no er leda av Hfk.

Kan Fjordvegen samarbeida med Destinasjonsselskapa langs Rv 13 : Greater Stavanger, Reisemål Ryfylke, Visit Hardangerfjord og Visit Sognefjord

Sak 08/19 Ymse

Inger saker

Trude Rinaldo
Referent